



**TELEMARK UTVIKLINGSFOND**  
**TUF**

**Årsmelding for 2019**

**TELEMARK UTVIKLINGSFOND**



# TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

## INNHOLDSFORTEGNELSE

<b>1.</b>	<b>PARTAR I FORETAKET</b> .....	<b>4</b>
<b>2.</b>	<b>ORGANISASJON</b> .....	<b>4</b>
2.1.	Styret for 2019 har hatt fylgjande medlemmar: .....	4
2.2.	Dagleg leiar/sekretær: .....	4
2.3.	Revisor: .....	4
2.4.	Regnskapsførar .....	4
<b>3.</b>	<b>STYRETS ARBEID</b> .....	<b>5</b>
<b>4.</b>	<b>SØKNADER BEHANDLA I 2019</b> .....	<b>5</b>
4.1.	Søknader og vedtak i 2019 .....	5
4.1.1.	MSG production AS.....	6
4.1.2.	Telemark fylkeskommune .....	6
4.1.3.	Telespinn .....	6
4.1.4.	RVL Product AS .....	6
4.1.5.	Elfo Subsea AS .....	6
4.1.6.	Telemark Kildevann.....	6
4.1.7.	Epleblomsten AS .....	6
4.1.8.	Sebased AS.....	6
4.1.9.	Kelda Drilling Controls AS .....	7
4.1.10.	Telemark fylkeskommune .....	7
4.1.11.	Visit Telemark AS .....	7
4.1.12.	Fyresdal kommune .....	7
4.1.13.	Norsk Industrierbeidermuseum .....	7
4.1.14.	NanoAtten AS.....	7
4.1.15.	Soraytec Scandinavia AS.....	7
4.1.16.	Fluid Metal 3D AS.....	7
4.1.17.	Nordic Blue Crude AS .....	8
4.1.18.	Trosvik Maritime AS .....	8
4.1.19.	Løyvingar som er redusera/ trekt tilbake i 2019 .....	8
4.1.20.	Mindre løyvingar for 2019.....	9
<b>5.</b>	<b>LØYVINGAR GITT AV STYRET TIDLEGARE ÅR UTBETALA OG BELASTA I 2019</b> .....	<b>9</b>
5.1.	Regionalt samarbeid i kraftkommunane .....	9
<b>6.</b>	<b>ØKONOMI</b> .....	<b>10</b>
<b>7.</b>	<b>AKSJER OG UTLÅN PR 31.12.2019</b> .....	<b>10</b>
7.1.	Skagerak Maturo Seed AS.....	10
7.2.	Norsep AS .....	10
7.3.	Skien Datasenter As.....	10
7.4.	Lån til Biogren AS.....	11
7.5.	Lån til Sustaintech AS .....	11
7.6.	Lån MSG- Production .....	11
7.7.	Lån Sebased Norway .....	11
7.8.	Lån Fluid Metal .....	11
7.9.	Lån Soraytec Scandinavia.....	12



# TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

7.10.	Lån Nordic Blue Crude .....	12
8.	BUDSJETT 2020.....	12
9.	MOGLEGE LØYVINGAR FRAM I TID.....	13
10.	HONORAR – LØN .....	14
11.	INTERN KONTROLL .....	14
12.	ETISKE RETNINGSLINER .....	14



# TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

## 1. PARTAR I FORETAKET

Telemark Utviklingsfond (TUF) er oppretta av dei 8 kommunane Fyresdal, Hjartdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tinn, Tokke og Vinje samt Telemark Fylkeskommune.

Drift og organisering av TUF er basera på avtale om disponering av konsesjonskraft signert den 9. desember 2009 og gjeldande frå 01.januar 2011. Samt eigne vedtekter godkjent av alle partar.

TUF er et eige rettssubjekt med Reg.nr 999 512 690. TUF har kontoradresse: Fylkeshuset, 3715 Skien.

## 2. ORGANISASJON

Styret er på fem medlemar og følgjer valperioden for kommunane og fylkeskommunen. Det skal veljast personlege vara medlemar. Fire av medlemmane skal veljast av fylkestinget og ein veljast frå dei åtte avtale komunane.

### 2.1. Styret for 2019 har hatt fylgjande medlemmar:

<i>Sven Tore Løkslid</i>	<i>leiar</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>Gunn Marit Helgesen</i>	<i>medlem</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>Terje Riis Johansen</i>	<i>medlem</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>Eva Markset Lia</i>	<i>medlem</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>Erik Skjervagen</i>	<i>medlem</i>	<i>Fyresdal Kommune</i>
<b>Vara medlemmar:</b>		
<i>For Sven Tore Løkslid</i>	<i>Hans Edvard Askjer</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>For Gunn Marit Helgesen</i>	<i>Knut Morten Johansen</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>For Terje Riis Johansen</i>	<i>Harald Kinch</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>For Eva Markset Lia</i>	<i>Tone Berge Hansen</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>For Erik Skjervagen</i>	<i>Jarand Felland</i>	<i>Tokke Kommune</i>

### 2.2. Dagleg leiar/sekretær:

01.01.2019 - Terje Bakka, 01.10.2019 – Audun Mogen

### 2.3. Revisor:

Telemark kommunerevisjon IKS

### 2.4. Regnskapsfører

Telemark Fylkeskommune, Økonomiseksjon.



# TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

## 3. STYRETS ARBEID

Styret har i 2019 behandla 37 saker i 6 forskjellige styremøte.

Det er behandla 20 nye søknader om tilskott og lån med totalt søknadsbeløp på kr 29.750.000,- av disse er det gitt tilskott til 20 søknader med total beløp kr 29.780.000,-. I tillegg kjem løyvingar til mindre tiltak der dagleg leder har fullmakt, det er løyvd kr 408.125,- til desse tiltaka fordela på 10 mindre tiltak.

Vidare kjem løyvingar frå tidlegare år som er vedteke utbetala og belasta 2019 løyving, desse løyvingane utgjør kr 3.082.331,-

Dei største sakene som er behandla er nærare forklart under.

## 4. SØKNADER BEHANDLA I 2019

### 4.1. Søknader og vedtak i 2019

Oversikt over søknader motteke og behandla i 2019. Det er gitt nærare informasjon om dei største løyvingane i eigne punkt. Total løyving for 2019 er 33.270.456,- Av dette er det løyvd kr 30.188.125,- til nye tiltak.

Søknader behandlet i TUF Styret 2019

Søknad Behandlet	Saks nr	Søknad fra	Søknaden gjelder	Innvilget år 2019	Avslått/ Redusert	Søknadssum
	Sak 9/11	Bevilget fast til mindre tiltak etter fullmakt	Mindre tiltak	408 125		
01.07.2019	Sak 8/2019	MSG production AS	Lån for å drifte frem til mulig salg	1 250 000	0	1 250 000
01.07.2019	Sak 9/2019	Telemark Fylkeskommune	Tilskudd - Deltagelse på ONS 2020	500 000	0	500 000
01.07.2019	Sak 10/2019	Telespinn	Tilskudd - Utvidelse av lagerkapasitet	300 000	0	300 000
01.07.2019	Sak 11/2019	RVL Product AS	Tilskudd - Etablering av bedrift på Dalen	500 000	400 000	900 000
01.07.2019	Sak 12/2019	Elfo Subsea	Tilskudd - Investering nystarta bedrift på Notodden	300 000	0	300 000
01.07.2019	Sak 13/2019	Telemark Kildevann	Tilskudd - Investering i utvida maskinkapasitet se sak 33/2019	1 500 000	0	1 500 000
01.07.2019	Sak 14/2019	Ebleblomsten	Tilskudd - Prosjekt innsamling av frukt fra villaeiere	250 000	0	250 000
27.08.2019	Sak 16/2019	Sebased AS	Lån - Oppstart	1 900 000	0	1 900 000
27.08.2019	Sak 17/2019	Kelda Drilling Controls AS	Investert i egenkapital	2 500 000	0	2 500 000
26.11.2019	Sak 24/2019	Telemark Fylkeskommune	Tilskudd - Telemarkskanalen delfinansiering	10 000 000	0	8 000 000
26.11.2019	Sak 25/2019	Visit Telemark	Tilskudd - Visit Telemarks markedsføringskampanje	1 000 000	0	1 000 000
26.11.2019	Sak 27/2019	Fyresdal kommune	Tilskudd Hamaren Aktivitetspark Byggetrinn 2	1 000 000	1 000 000	2 000 000
26.11.2019	Sak 28/2019	Norsk Industriarbeidermuseum	Tilskudd Forsøksfabrikken	300 000	0	300 000
26.11.2019	Sak 29/2019	NanoAtten AS	Tilskudd	630 000	570 000	1 200 000
26.11.2019	Sak 30/2019	Soraytec Scandinavia	Tilskudd - Sensorikk høytspennettet	500 000	0	500 000
26.11.2019	Sak 30/2019	Soraytec Scandinavia	Lån	1 000 000	0	1 000 000
26.11.2019	Sak 31/2019	Fluid Metal 3D	Tilskudd - 3D printer kommersialiseringsprosjekt	250 000	0	250 000
26.11.2019	Sak 31/2019	Fluid Metal 3D	Lån	500 000	0	500 000
26.11.2019	Sak 32/2019	Nordic Blue Crude	Lån FEED fase pilotanlegg	5 000 000	0	5 000 000
11.12.2019	Sak 37/2019	Trosvik Maritime AS	Tilskudd - etablering Verft Brevik	600 000	0	600 000
			Sum	30 188 125	1 970 000	29 750 000



# **TELEMARK UTVIKLINGSFOND**

## **TUF**

### **4.1.1. MSG production AS**

Det er løyvd eit kortsiktig lån med kr 1.250.000,- til selskapet. Det tilbys til en rente på 3% etterskuddsvis beregnet. Lånet forfaller i sin helhet 01.07.2020.

### **4.1.2. Telemark fylkeskommune**

Det er løyvd kr 500.000,- til Telemark fylkeskommune for deltaking på ONS 2020 saman med Vestfold Fylkeskommune (Vestfold og Telemark fylkeskommune frå 2020)

### **4.1.3. Telespinn**

Det er løyvd kr. 300.000,- til selskapet for å bygge ut lagerkapasiteten.

### **4.1.4. RVL Product AS**

Det er løyvd kr 500.000,- til selskapet for etablering av bedrift på Dalen i Tokke kommune.

### **4.1.5. Elfo Subsea AS**

Det er løyvd kr 300.000,- til selskapet for investeringar i nystarta bedrift på Notodden

### **4.1.6. Telemark Kildevann**

Det er løyvd kr 1.500.000,- til Telemark Kildevann. Løyvinga skal nyttast til å utvida produksjonskapasiteten

### **4.1.7. Epleblomsten AS**

Det er løyvd kr 250.000,- til Epleblomsten AS. Løyvinga skal nyttast saman med ODD til å samle inn frukt frå villaeiere.

### **4.1.8. Sebased AS**

Det er løyvd kr 1.900.000,- som oppstartslån til Sebased AS Lånet skal tilbakebetales over fem år regnet fra 01.01.2021. Standard rentebetingelser Nibor 3 mnd pluss 1,5% skal benyttes.



# **TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF**

## **4.1.9. Kelda Drilling Controls AS**

Det er investert kr 2.500.000,- som egenkapital i selskapet Kelda Drilling Controls .

## **4.1.10. Telemark fylkeskommune**

Det er løyvd kr 10.000.000,- til Telemark fylkeskommune. Telemark fylkeskommune skal bruke disse midlane som delfinansiering av Telemarkskanalen.

## **4.1.11. Visit Telemark AS**

Det er løyvd kr 1.000.000,- til Visit Telemark AS. Løyvinga skal nyttast til felles profilering av Telemark med 50% vinter og 50% sommar.

## **4.1.12. Fyresdal kommune**

Det er løyvd kr 1.000.000,- til Fyresdal kommune. Løyvinga skal nyttast til gjennomføring av byggetrinn 2 i Hamaren aktivitetspark for åra 2020 og 2021.

## **4.1.13. Norsk Industriarbeidermuseum**

Det er løyvd kr 300.000,- til Norsk Industriarbeidermuseum. Løyvinga skal nyttast for å etablere «Forsøksfabrikken»

## **4.1.14. NanoAtten AS**

Det er løyvd kr 630.000,- til NanoAtten AS. Løyvinga skal nyttast til å utvikle selskapet til å bli ein ledande kompetanseaktør for modifisering av komplekse industrielle overflater. Dette kan danne grunnlaget for nye arbeidsplassar i Kviteseid.

## **4.1.15. Soraytec Scandinavia AS**

Det er løyvd kr 1.000.000 i lån og 500.000,- i tilskot. Løyvingane skal nyttast til å dokumentere og verifisere måle- og overvåkingsteknologi for medium og høgspennet nett, og etablere et pilotprogram der teknologien testast ut i felt hos nettselskapa.

## **4.1.16. Fluid Metal 3D AS**

Det er løyvd kr 500.000,- i lån og 250.000,- i tilskot. Løyvingane skal nyttast til lansering av ein PCB skrivar for produksjon av kretskort.



# TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

## 4.1.17. Nordic Blue Crude AS

Det er løyvd kr 5.000.000,- i konvertibelt lån til Nordic Blue Crude AS. Selskapet har ein utviklingsplan for etablering av eit pilotanlegg ved Herøya Industripark for produksjon av syntetisk drivstoff frå karbonnøytrale hydrokarboner. Denne løyvinga skal nyttast til gjennomføring av siste engineeringfase før man går inn i en anbudsrunde for bygging av pilotanlegget.

## 4.1.18. Trosvik Maritime AS

Det er løyvd kr 600.000,- til Trosvik Maritime AS. Løyvinga skal i hovudsak nyttast til arbeidet for å overta, vidareføre og utvikle selskapet etter Vard Group sin avvikling av drifta i Brevik.

## 4.1.19. Løyvingar som er redusera/ trekt tilbake i 2019

Løyving på kr 41.000,- er redusera/ trekt tilbake, grunnlaget for det er at tiltaka eller deler av tiltaka ikkje er blive gjennomført.

Tekst	Redusera utbetaling pga mindre kostnad	Trekt tilbake
Telemark Næringshage, sak 23/17	41.000	
<b>Sum redusera – trekt tilbake</b>	<b>41.000</b>	





# TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

## 4.1.20. Mindre løyvingar for 2019

Det er gjeve 10 løyvingar av mindre størrelsar i 2019, av dette er det utbetala 235.000,- i 2019. Dagleg leiar har ei ramme på kr 1.000.000,- som kan nyttast til mindre tiltak.

Desse har fått løyvingar:

Telejuice forundersøkelse	50 000
Rauland Skisenter Terreng løp	20 000
Notodden Bordtennisklubb	50 000
Kunstnersentrum - Notodden by	50 000
Hjartdal Honning	50 000
Kragerø Friidrett, padlestevne	15 000
Not Møbelsnekkeri	50 000
Proventia	50 000
Infosenter Kulturlandskap	50 000
TV Sponsorat V-Cup Rjukan	23 125
<b>Sum bevilget</b>	<b>408 125</b>
Budsjett for 2019	1 000 000

## 5. LØYVINGAR GITT AV STYRET TIDLEGARE ÅR UTBETALA OG BELASTA I 2019

### 5.1. Regionalt samarbeid i kraftkommunane

Løyvinga for 2019 er på kr 3.082.331,- dette er ein årleg utbetaling og er ein del av vedtektene fastsett for TUF. Det årlege beløpet skal indeksregulerast med basis i 2011. I samsvar med vedtektene skal fondet dekkje ein del (50 %) av spesifiserte kostnader satt opp som grunnlag for avtala.

Beløpet som årlig blir utbetalt er som vist under:

Vest Telemark Rådet	kr 2.311.834,-	75,0 %
Tinn Kommune	kr 496.200,-	16,1 %
Hjartdal Kommune	kr 274.297,-	8,9 %
<b>Sum</b>	<b>Kr 3.082.331,-</b>	



# TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

## 6. ØKONOMI

Regnskapet viser at TUF er tilført kr 45.560.798,- fra Konesesjonskraft styret i Telemark. Dette inkluderer korrigerende av feil inntekt i 2018 på kr 2.266.375 og overskudd fra salg av konsesjonskraft for 2019, avregning 2018 på kr 3.312.741 utbetalt i juli 2019, samt stipulert etteravregning 2019 med utbetaling juni 2020 kr 3.998.168,-. Anordnet kr 17.452.610,- som vil bli utbetalt i 2020.

For 2019 er det eit mindreforbruk på totalt kr 8.445.046,-. Styret vil avsette årets mindreforbruk kr 8.445.046,- til disposisjonsfond. Denne disponeringa vil bli formelt gjennomført på styremøte i 2020.

Årsrekneskapet viser eit netto driftsresultat på kr 23.162.698,- dette er TUF sitt overskott frå drifta i 2019.

For meir detaljar om rekneskapen så syner ein til det framlagte årsrekneskap.

## 7. AKSJER OG UTLÅN PR 31.12.2019

### 7.1. Skagerak Maturo Seed AS

Skagerak Maturo er eit «såkorfond» oppretta med midlar frå offentlige og private. Det er vedteke å investere 3 MNOK, Skagerak Maturo har innkalla kr 1.350.000,- pr. 31.12.2019. Det er styrets håp at Skagerak Maturo skal investere i selskap i Telemark og dermed bidra til auke av arbeidsplassar i Telemark. Foreløpig har dei investera i eit selskap, selskapet Funzionano, i Telemark.

### 7.2. Norsep AS

Norsep er eit selskap som skal utvikle teknologi for å reinse forureina avfall. Styret har tru på at dei skal lykkast med utviklinga, dersom Norsep lykkast vil det føre til eit betydeleg bidrag i arbeide med å ta kontroll over forureina avfall. Norsep arbeider med ein aksjeemisjon, det kan være mogleg at TUF sel seg ut av selskapet i forbindelse med denne emisjonen. Det er framleis eit arbeid med ein emisjon i selskapet.

### 7.3. Skien Datasenter As

Skien Datasenter er etablert i samband med arbeidet for å få lagt eit stort datasenter til Skien. Selskapet er oppretta med ein minimumskapital, det er



# TELEMARK UTVIKLINGSFOND

## TUF

foreløpig ikkje vurdert kva for rolle Skien datasenter skal ha i en slik utvikling. Styret har ikkje tatt stilling til om dei skal delta i vidare utvikling av selskapet.

### 7.4. Lån til Biogren AS

TUF har løyvd totalt 3 MNOK til å etablere Biogren AS. Av dette er 1,5 MNOK løyvd som lån utan sikkerheit. Dei planlegg å byggje ein pelletsfabrikk i Grenland. Selskapet har i to år arbeid med å skaffe eksterne investorar til selskapet, dette har dei ikkje lykkast med. Selskapet håpar at dei kan skaffe investorar i løpet av kort tid, dei varslar samstundes at dette arbeidet kan ta lengre tid. Styret er uroleg for at det ikkje vil lykkast selskapet å skaffe investorar til prosjektet. Det er samstundes stor usikkerheit i om etableringa blir gjennomført, det er da stor moglegheit for at gjeve lån må sjåast som tapt. Dersom det visar seg at ein må avskrive lånet som tapt vil dette bli tatt inn i rekneskapen for 2020.

### 7.5. Lån til Sustaintech AS

Det er løyvd eit lån på kr 1.000.000,- til Sustaintech AS. Lånet skal utbetalast i tre like beløp fram til våren 2019. Utbetalingane skal skje i samsvar med ein framdriftsplan utarbeida av selskapet. Lånet kan konverterast til aksjekapital. Selskapet utviklar ein teknologi for å ta bort medisinrestar frå avløpsvatn.

Lånet er utbetala og er konvertert til aksjar i hen hold til styrevedtak Sak 34/2019. Konvertering av lån til aksjar i Sustaintech AS. TUF har utøve sin konverteringsrett i Sustaintech AS. Proventia får ansvar for styreplass og oppfølging av eigarskap på vegne av TUF.

### 7.6. Lån MSG- Production

Det er løyvd eit kortsiktig lån med kr 1.250.000,- til selskapet. Det er tilbyd til en rente på 3% etterskotsvis berekna. Lånet forfell i sin heilheit 01.07.2020

### 7.7. Lån Sebased Norway

Det er løyvd kr 1.900.000,- som oppstartslån til Sebased AS. Lånet skal tilbakebetales over fem år regnet frå 01.01.2021.

### 7.8. Lån Fluid Metal

Det er løyvd kr 500 000 i lån til Fluid Metal AS. Lånet utbetales i to terminer. 25% lån gis ved prosjektoppstart. Resterende 75% av lånet utbetales ved bekreftelse på oppnådd milepæl (godkjent og registrert prosjekt for lansering på plattformen kickstarter.com).

Lånet tilbys rente og avdragsfritt 2 år regnet fra siste terminutbetaling. Lånet tilbys med standard rentebetingelser Nibor 3 mnd. + 1,5% og forfaller i sin helhet 5 år etter siste termin.



# TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

## 7.9. Lån Soraytec Scandinavia

Det er løyvd kr 1.000.000,- i lån til Soraytec Scandinavia AS. Lånet utbetales i to terminer. 25% lån gis ved prosjektoppstart, resterende 75% lån gis når selskapet kan dokumentere oppnådd sertifisering av teknologien og har inngått minimum to pilotkontrakter med utvalgte nettselskaper. Lånet tilbys rente og avdragsfritt 2 år regnet fra siste terminutbetaling. Lånet tilbys med standard rentebetingelser Nibor 3 mnd. + 1,5% og forfaller i sin helhet 5 år etter siste termin.

## 7.10. Lån Nordic Blue Crude

Det er løyvd kr 5.000.000,- i konvertibelt lån til Nordic Blue Crude. Utbetaling av lånet vil skje i to terminar. Første utbetaling er 50% av lånebeløp ved inngåelse av låneavtale. Utbetaling av resterende beløp (50%) bitingar oppnåelse av prosjektmål: Leveranse av endeleg FEED rapport i hen hold til tidsplan (08/20). Lånet tilbys rente og avdragsfritt i 2 år regnet frå siste terminutbetaling. Lånet tilbys med standard rentebetingelser Nibor 3 mnd. + 1,5% og forfaller i sin heilheit 5 år etter siste termin. Daglig leder får fullmakt til å forhandle vilkår for konverteringsopsjon med lånetakar. Første delutbetaling er betinget bekreftelse på fullfinansiering av prosjektet iht. finansieringsplan.

## 8. BUDSJETT 2020

For 2020 har styret totalt budsjettera med fylgjande til fordeling:

Berekna overføring frå Konesjonskraft for 2020	Kr 33.712.000,-
Administrative kostnader 2020	Kr 1.724.000,-
Avsetnad til fond	Kr 5.676.000,-
Sum til disposisjon for nye løyvingar 2020	Kr 27.312.000,-

Styret har vedteke at dei ynskjer å bygge opp fond slik at ein har moglegheit til å delta i store investeringar som vil kan være av stor verdi for fylket.

Det blir avsett 15% av berekna overføringar kvart år, samstundes om ikkje nytta midlar dei enkelte års skal leggjast til fond. Vidare er det vedteke at midlar som ikkje blir nytta også skal leggjast til fondet.



# TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

## 9. MOGLEGE LØYVINGAR FRAM I TID

TUF sin inntekt dei einkilde åra er basera på overføring frå fylkeskommunen sitt overskott frå Konesjonskraft.

TUF sin del av overskottet frå Konesjonskraft er basera på ei avtale mellom Fylkeskommunen og 8 kraftkommunar. I denne avtala så har Fylkeskommunen sagt frå seg retten til 112,5 GWh, denne kraftmengda er overført til dei kraftkommunane som har overskott av kraft i forhold til eige bruk. I forbindelse med avtala vart det berekna at TUF skulle få del av overskottet frå Konesjonskraft lik 202,5 GWh. Gjennom årene har det vært en auke i kraftforbruket til kommunane. TUF sine overføringer vil variere framover avhengig av forbruket i den enkelte kommune og tilgjengeleg kraftvolum.

Statkraft har varsla at dei ynskjer å gå over på eigen kostpris for nokre av verka. Dette vil ikkje påverke rekneskapen for 2020. Det vil bli ført forhandlingar om dette.

Det vil bli endringar i konesjonskraftmengda frå Møsvatn reguleringa. Det vil bli betydeleg mindre kvantum. Nedgangen vil gjelde frå 2020. Det vil bli Tinn kommune og Telemark Utviklingsfond som vil få redusera inntekter frå denne nedgangen i kraftmengda.

NVE har i løpet av 2019 fatta vedtak om nytt kraftgrunnlag for to konesjonar i Skiensvassdraget. Vedtaket fører til ein reduksjon i konesjonskraftmengda. KKST vil saman med aktuelle kommunar bestride eit etteroppgjer, men det kan medførte redusera inntekter for Tinn kommune og TUF. Eventuelt etteroppgjer vil redusere overføringer for dei to partane på 2020 rekneskapen.

### ***Konesjonskraftstyret melder om dette i sin årsrapport i forhold til budsjett 2020 og langtidsbudsjett:***

*I budsjettet for 2020 er det lagt opp til eit resultat på kr 121.661.335,- Det er ein nedgang frå resultatet 2019 som vart kr 180.297.135,-. Årsaka til nedgangen skuldast at Vinje sjølv forvaltar sin kraft for 2020, reduksjon i kraftmengde som fylje av nedgang konesjonskraftmengde frå Møsvatn regulering og ein nedgang i prisar på c 3€.*

*Det vil bli en ytterlegare nedgang i resultatet på om lag 30 MNOK for 2020 grunna svært låge prisar.*

*Det er etter styrets meining tatt tilstrekkeleg omsyn til usikre kostnader, budsjettera inntekter er satt i forhold til det som var marknadsprisen på det tidspunkt som budsjettet var satt opp. Ein ser nå at usikkerheita i dei framtidige års prisane. Marknaden er lågare prisa enn det som ein forventa.*



# TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

*Styret vel å bruke prisar som markanden gjev på det tidspunkt når budsjetta bli satt. Etter styrets meining er det den beste prisindikatoren me kan nytte.*

*Styret ber om at den einsskilde kommune merkar seg usikkerheita i forventa overskott frå KKST for åra frametter.*

## 10. HONORAR – LØN

For året 2019 er betalt fylgjande i honorar og løn.

Styrehonorar	Kr 258.250,-
Løn dagleg leiar	Kr 390.589,-
Honorar revisor	Kr 32.375,-

## 11. INTERN KONTROLL

TUF har vedteke egne retningslinjer som skal sikre at føretaket har god intern kontroll. Ein syner til desse retningslinjene for å underbyggje styret sin vurdering av god intern kontroll.

## 12. ETISKE RETNINGSLINER

Telemark Utviklingsfond arbeider etter dei same etiske retningslinjene som Telemark Fylkeskommune.

Skien den 31.12.2019/ 14.05.2020

Terje Riis- Johansen  
Styreleiar

Gunn Marit Helgesen  
Styremedlem

Irene B Haukedal  
Styremedlem

Thorleif Vikre  
Styremedlem

Jarand Felland  
Styremedlem

Audun Mogen  
Dagleg leiar